



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
02.03.2018	21021/2018	Paula Næss Skår

Saksnr

Utval
Eldrerådet

Møtedato
19.03.2018

Konferanse for kommunale eldreråd

Eldrerådet i Møre og Romsdal vedtok å gjennomføre ei kartlegging av rammevilkåra for dei kommunale eldreråda. Kartlegginga vart gjennomført våren 2017. Ein rapport frå kartlegginga var ferdig i oktober 2017. Denne er sendt ut i to eksemplar til kommunane og lagt ut på fylkeskommunen sine nettsider.

I eldrerådet sitt møte 20. september 2017, sak om handlingsprogrammet for fylkeseldrerådet – tiltak i 2018, drøfta rådet også oppfølging av kartlegginga. Det vart konkludert med at rådet skulle arrangere ei konferanse for kommunale eldreråd våren 2018. Eldrerådet vil også arrangere fylkeseldrekonferansen hausten 2018.

Det er no reservert tid for ei konferanse for kommunale eldreråd på Vestnes fjordhotell, 17. april 2018. Hovudtema på konferansen er oppfølging av kartlegginga av rammevilkåra for dei kommunale eldreråda. Det er rom for å fylle dagen med andre tema også. Kom gjerne med innspel til dette i møtet. Fylkeseldrerådet vil stå som arrangør for konferansen. Det er derfor ønskeleg at så mange som mogleg av medlemene har høve til å delta.

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak.

Jon Skarvøy
leiar av eldrerådet i Møre og Romsdal